



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Peraløo i Vik

Dato: 7. desember 2017

Tid: Kl. 18.00

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar
Gunnvald Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 1. desember -2017

Helga Olsen Aadland

Harald Rydland

Soknerådsleiar

Kyrkjeverje

Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-30/17	Høyringsvar, ny lov om trussamfunn	X
S-31/17	Val av leiar, nestleiar og sekretær	X
S-32/17	Referat frå sist møte	X
S-33/17	Meldingsaker	X
S-34/17	Open post	X
S-35/17	Arrangement i kyrkja sin regi	



Sak 30/17: Høyringsvar, ny lov om trussamfunn

På førre møte hadde rådet oppe sak som om høyring om ny lov for trussamfunn. Etter den tid har det, frå fleire hald, komme mykje informasjon som gjeld saka. Kyrkjeverja har delteke på ein konferanse der saka vart grundig behandla. Det alt komme inn mange høyringsvar, både frå organisasjonar og private. Desse kan ein lesa på høyringssidene til regjeringa. Opplegget for høyringa er praktisk opplagt ved at ein skal svara via ei løysing med spørsmål på regjeringa si internettside. Der kan ein leggja inn svar på 28 ulike spørsmål og komma med tilleggskommentarar, dersom ein skulle ynskja det. Høyringsfristen er sett til 31.12.2017.

Den nye lova skal erstatta tre tidlegare lover, der kyrkjelova var ei av desse. No skal det vera ei lov for alle trussamfunn, men kyrkja er tiltenkt eit særskilt kapittel i den nye lova.

Det er ikkje alle spørsmåla som er like aktuelle for eit lokalt sokneråd å svara på. Som kyrkjeverje meiner eg soknerådet som eit minimum bør gje tilbakemelding på desse spørsmåla :

- Skal Kyrkjemøtet avgjera fullt ut korleis kyrkja skal vera organisert og inndelt?
- Skal soknet framleis vera eige rettssubjekt eller skal det leggjast direkte under DNK
- Skal kommunen og staten framleis dela på ansvaret for finansiering av kyrkja, eller skal staten framover ta ansvar for heile finansieringa?
- Bør det stå noko i lova om nivået på finansieringa i høve til aktivitet og omfang?
- Skal kyrkja framleis ha ansvar for gravferdsforvaltninga?

Medlemene i rådet bør gå innom på høyringssidene for å sjå om det kan vera noko derfrå ein vil ta med når soknerådet skal drøfta saka. Nedanfor finn du ei lenke som fører fram til høyringssidene.

<http://nettsteder.regjeringen.no/nytrossamfunnslov/>

Framlegg til vedtak:

På grunnlag av det som kom fram i møtet, får Fitjar sokneråd sitt arbeidsutval fullmakt til å senda inn svar på høyringa om ny lov om trussamfunn.

Sak 31/17: Val av leiar, nestleiar og sekretær

Soknerådet skal velja leiar og nestleiar for eitt år om gangen. Her hos oss har det vore vanleg å velja sekretær for rådet og for eitt år om gangen. Tidlegare har me i Fitjar operert med både fellesråd og sokneråd og hatt leiar og nestleiar for begge råda. Det er no gjort avgjort at det berre skal vera sokneråd i Fitjar framover.

Sidan leiarvervet fører med seg mykje ansvar og mange ulike oppgåver, kan det vera hensiktsmessig at leiar og nestleiar vert samde om ei arbeidfordeling om kven som skal følgja opp dei ulike sakene. I så fall bør det og betalast leiargodtgjerdse i tråd med dette.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vel desse til ulike verv i rådet for 2018:

Leiar: _____

Nestleiar: _____

Sekretær: _____

Alle vala var samrøystes.

Honorar for verva vert å komma tilbake til når detaljbudsjettet for 2018 skal setjast opp over nyttår.



Sak 32/17: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 19. oktober har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. For ordens skuld vert referatet lagt ved innkallinga, slik at medlemene får sjå det endelege dokumentet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 19. oktober 2017.

Sak 33/17: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett for Fitjar kommune 2018
2. Rekneskap pr. 31.10.2017
3. Møtegodtgjerdsle for 2017
4. Status for kyrkjestaben etter nyttår

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 34/17: Open post

Sak 35/17: Arrangement i kyrkja sin regi

Framover er det fleire arrangement i kyrkja og soknerådet sin regi som skal gjennomførast. Her kan me nemne julegudstenester, julekonsertar, trusopplæringstiltak, kyrkjelydstur m.m. Det er bra om soknerådet går gjennom status for planlegging og gjennomføring av arrangementa. Det kan og vera greitt om soknerådet tek ein kort gjennomgang av nokre av dei arrangementa som har funne stad sidan sist møte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.